

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL - PLANPROGRAM

2020 - 2028

[SAMANDRAG](#)

Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel. Godkjent av Hareid kommunestyre i sak KS 113/19, 12.12.2019.

[Hareid kommune](#)

Dokumentdato: 21.08.2019

Innhald

1.0	Innleiing	2
2.0	Føremål med planarbeidet.....	2
2.1	Kvifor kommunal planlegging?	2
2.2	Den raude tråden	3
2.3	Krav om planprogram.....	3
3.0	Organisering, medverknad og framdrift	4
3.1	Organisering	4
3.2	Framdrift.....	4
3.3	Medverknad	5
4.0	Føringar	6
4.1	Nasjonale føringar.....	6
4.2	Regionale føringar.....	7
4.3	Kommunale føringar.....	7
4.4	Lovgrunnlag	7
5.0	Alternativ/Fokusområder.....	8
5.1	Ein god kommune å bu i	8
5.2	Ein trygg kommune å vere i	9
5.3	Ein attraktiv kommune å arbeide i	9
5.4	Ein spanande kommune å leve i	10
6.0	Samfunnsdelen sitt forhold til arealdelen	11
7.0	Vedlegg.....	11

1.0 Innleiing

Dagens gjeldande samfunnsdel i Hareid kommune var vedtatt i 2006. Det har skjedd mykje i Hareid kommune sidan den gong, både i samfunnet og i organisasjonen. Det er difor på tide med ei rullering av kommuneplanens samfunnsdel.


Samfunnsdelen vil vere viktig for Hareid kommune si vidare utvikling. Ein må ta sikte på å legge til rette for berekraftig utvikling og vekst ved hjelp av kommuneplanens samfunnsdel. Rulleringa av kommuneplanens samfunnsdel er forankra i kommunens planstrategi (2016 – 2020).

2.0 Føremål med planarbeidet

Kommuneplanens samfunnsdel er verktøyet for kommunens heilskaplege planlegging. Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, samstundes som ein skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek. Det er eit mål at kommuneplanens samfunnsdel skal verte eit godt og enkelt verktøy for styring og utvikling av Hareid kommune.

2.1 Kvifor kommunal planlegging?

Alle kommunane i Noreg nyttar i dag same plansystem. Delar av plansystemet er lovregulert i plan- og bygningsloven. Illustrasjonen under viser ei enkel oppteikning av det kommunale plansystemet.



Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, samt eventuelle kommunedelplanar er dei overordna planane i ei kommune. Kommuneplanen vert difor også det viktigaste verktøyet dei folkevalde og administrasjonen har i den daglege drifta. Det er kommuneplanen som bør vere førande for dei fleste val som vert tatt i ei kommune.

Kommuneplanens samfunnsdel skal syne dei langsiktige utfordringane, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit men også for kommunen som organisasjon. Det er kommunens verktøy for strategisk styring. Samfunnsdelen skal også vere med på å styrke medverknad og politisk styring.

Samfunnsdelen skal inkludere ein handlingsdel som fortel korleis planen skal følgast opp minimum dei fire neste åra. Handlingsdelen skal konkretisere korleis måla skal nåast, og strategiane gjennomførast.

Kommuneplanens samfunnsdel skal også skape grunnlag og legge føringar for sektorane sine planar og verksend i kommunen, samt kommuneplanens arealdel.

2.2 Den raude tråden

Dagens samfunnsdel i Hareid kommune er frå 2006. Det har skjedd mykje sidan den tid, både i samfunnet og i organisasjonen. Samfunnsdelen er difor moden for rullering. Dagens samfunnsdel er utdatert å vanskeleg å ha eit forhold til. Mange av dei tilsette og folkevalde har heller ikkje kjennskap eller eigarskap til dagens samfunnsdel då den vart utarbeidd lenge før dei vart ein del av kommunens organisasjon.

Når ein no startar prosessen med utarbeiding av ny samfunnsdel må det vere eit mål å lage eit styringsverktøy som både folkevalde og administrasjonen får eigarskap til; ein plan som alle ynskjer å stille seg bak å følgje opp samla.

Samfunnsdelen må også nytte eit samla og oppdatert kunnskapsgrunnlag som skaper gode rammer for planen. Den må femne om viktige utfordringar, og den må skissere langsiktige strategiar og mål som Hareid kommune i tida framover skal einast om å prioritere. Den må også utarbeidast slik at den vert eit godt grunnlag for resten av kommunens plansystem, på denne måten vil ein kunne skape ein raud tråd i det meste ein driv med i kommunen. Dette vil også gjere det enklare for alle folkevalde, administrasjonen og innbyggjarane å trekke i same retning.

Om vi trekk i same retning og samarbeida for å nå felles mål, vil vegen mot målet verte lettare.

2.3 Krav om planprogram

Plan- og bygningslova (PBL) § 11-13 krev at det skal utarbeidast eit planprogram for kommuneplanen etter reglane i PBL § 4-1. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Planprogrammet skal gjere greie for kva ein ynskjer å konsentrere seg om ved rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Det vidare planarbeidet skal utdjupast og detaljerast i planprogrammet.

Planprogrammet er eit fleksibelt vertkøy, som skal tilpassast plansituasjonen og planbehovet.

3.0 Organisering, medverknad og framdrift

Planprogrammet skal synleggjere kva medverknadsprosessar det skal leggest opp til. Sjølve prosessen skal også skisserast, med fristar og deltakarar.

3.1 Organisering

Prosjekteigar: Kommunestyret er eigar av prosjektet. Kommunestyret skal godkjenne planprogrammet og samfunnsdelen. Etter delegeringsreglementet til Hareid kommune har formannskapet mynde til å godkjenne planprogrammet, men det er ønskjeleg at kommunestyret gjer det for å sikre breiare medverknad frå kommunestyret.

Politisk styringsgruppe: Formannskapet har i dag delegert planmynde frå kommunestyret. Det er difor naturleg at formannskapet også er politisk styringsgruppe i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Arbeidsgruppe: Rådmannens leiargruppe vert arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa skal vere med på å sikre tverrfagleg tenking og fagleg tyngde i kommuneplanens samfunnsdel.

Administrativ prosjektgruppe: Rådmann, einingsleiar for plan og kommunalsjef for samfunnsutvikling dannar den administrative prosjektgruppa. Prosjektgruppa skal stå for største delen av utarbeiding av planen i tråd med dei innspel og tilbakemeldingar som kjem frå andre. Prosjektgruppa kan knyte til seg relevante ressursar dersom det er behov for det i løpet av planprosessen.

Prosjektleiar: Einingsleiar for plan, byggesak og geodata er prosjektleiar og har ansvar for å gjennomføre aktivitetar, koordinere prosessen og utarbeide planen i samarbeid med prosjektgruppa.

3.2 Framdrift

Aktivitet	Tidsplan
Prosjektstart	Juni 2019
Utarbeiding av planprogram	Juni – august 2019
Politisk handsaming (LKU, NMU, FSK) – oppstart og off. ettersyn av planprogram	August/september 2019
Høyringsperiode planprogram og arbeid med kunnskapsgrunnlag	September – november 2019
Arbeid med innkomne merknadar/innspel til planprogrammet	November 2019
Politisk godkjenning av planprogram (KST)	Desember 2019
Utarbeiding av planforslag	Januar – mai 2020
Medverknad internt i organisasjonen (folkevalde og administrasjon) samt eksternt for innbyggjarane	Januar – september 2020
Politisk handsaming (LKU, NMU, FSK) av planforslag	Mai/juni 2020
Høyringsperiode planforslag	Juni – august 2020
Arbeid med innkomne merknadar/innspel – ferdigstilling av planforslag	August – september 2020
Politisk godkjenning av plan	Oktober 2020
Kunngjering av vedteken plan	Oktober/november 2020

3.3 Medverknad

Det skal i planprogrammet synleggjerast kva medverknadsprosessar det vert lagt opp til. Medverknaden skal syte for god politisk forankring av planen slik den kan verte eit styrande politisk dokument som kan nyttast som eit grunnlag for utvikling av kommunen. Medverknaden skal også syte for at innbyggjarane vert høyrde, og at alle grupper som krev særleg tilrettelegging vert involvert. Det er eit mål at medverknadsprosessane skal vere breie og inkluderande.

Høyring og offentleg ettersyn:

Planforslaget skal sendast på høyring/leggast ut på offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova. Alle statlege, regionale og kommunale mynder, samt offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar som blir direkte rørte av planen, skal bli tilsendt eit eksemplar av planforslaget. Planforslaget skal kunngjerast i minst ei avis og skal også gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Etter offentleg ettersyn blir forslaget lagt fram for kommunestyret til avgjerse. Barnerepresentanten i kommunen er fast høyringspart undervegs i heile planprosessen for å sikre barn og unge sine interesser. Facebook-sida til Hareid kommune vil også verte nytta som ein kanal der innbyggjarane og andre interesserte kan kome med innspel under høyringsperioden til planprogrammet og planforslaget. Alle innspel som kjem via Facebook vil då verte arkiverte og handsama som alle andre skriftlege innspel knytt til planen.

Heimeside og andre media:

Informasjon vil fortløpande verte publisert på Hareid kommune sine heimesider. Anna aktuell informasjon vert også publisert i til dømes lokalavis eller andre ulike media.

Politisk medverknad:

Dei folkevalde, både formannskapet og kommunestyret, men også andre råd og utval vil under heile prosessen vere informerte og gjevne moglegheit til å uttale seg. Planforslaget skal innom alle utval før det leggast ut på offentleg ettersyn. Planforslaget vert også sendt på høyring til ungdomsrådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet. Formannskapet er også styringsgruppe for planarbeidet, alle nødvendige politiske avklaringar undervegs vil verte tatt opp med formannskapet. Formannskapet vil då ha moglegheit til å involvere kommunestyret dersom dei ser på det som nødvendig.

Ekstern medverknad:

Hareid kommune og Hareid næringsforum har gått saman om prosjektet Vekst i Hareid. Det er eit tidsavgrensa prosjekt som er støtta av fylkeskommunen. Mange av målsettingane og aktivitetane i prosjektet fell saman med aktivitet som ein elles hadde tatt gjennom arbeidet med samfunnsdelen. Kommunen legg ikkje opp til unødig dobbel aktivitet som til dømes folkemøte med same tema, men nyttiggjer seg det som kjem fram i arbeidet med Vekst i Hareid som ein del av planprosessen i kommuneplanarbeidet.

Det vil i tillegg verte laga til eit arrangement i form av folkemøte/idèverkstad som vil vere opent for alle, der ein kan kome med innspel konkret til samfunnsdelen. Tema for det opne møtet vil verte avgjort av politisk styringsgruppe i samråd med

prosjektleiar og administrativ styringsgruppe. Tema for det opne møtet skal ta utgangspunkt i det som vert framheva i planprogrammet av utfordringar og alternativ. Det opne møtet skal haldast før ferdigstilling av planforslaget.

Intern medverknad:

I forbindelse med utarbeiding av planforslaget er det tenkt å gjennomførast ein felles verkstad/arbeidsmøte for folkevalde og administrasjon. Aktuelle problemstillingar med utgangspunkt i planprogrammet vert sett på agendaen for drøfting og problemløysing med mål om å kome fram til gode forslag til strategiar og mål.

4.0 Føringer

4.1 Nasjonale føringer

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2019)

Med heimel i PBL § 6 -1blir det kvart fjerde år utarbeida eit dokument med nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Det nyaste dokumentet vart vedteke ved kongeleg resolusjon i mai 2019, og det er dette som vil vere førande for dette planarbeidet.

Statlege planretningslinjer

Statlige planretningslinjer (SPR) nyttast for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga og markere nasjonal politikk på viktige område i planlegginga. SPR vil leggest til grunn der det er relevant i kommuneplanens samfunnsdel.

FNs berekraftsmål

I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2019) kjem det fram at regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. FNs berekraftsmål ligg difor til grunn for dei nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Det er også difor naturleg og viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i kommunen. FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Nasjonal transportplan 2018 – 2029 (NTP)

Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er ein plan for dei neste tolv åra for korleis ein skal arbeide i retning av det overordna og langsiktige målet i transportpolitikken, som er følgjande: eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lavutsleppssamfunnet.

4.2 Regionale føringar

Regional planstrategi

Plan- og bygningslova § 7-2 krev at kommunane skal legge den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet. Møre og Romsdal fylkeskommune starta arbeidet med ny regional planstrategi i februar 2019, med mål om at denne skal leggast på høyring i november 2019 og at den skal vedtakast i april 2020. Det vil difor vere naturleg at den nye regionale planstrategien 2020 – 2024 vert nytta som førande for arbeidet med Hareid kommune sin samfunnsdel.

Fylkesplan

Møre og Romsdal fylkeskommune starta arbeidet med ny fylkesplan samstundes som oppstart av ny regional planstrategi. Ny fylkesplan er tenkt vedtatt juni 2020. Det vil difor vere litt avhengig av framdrifta til fylkeskommunen om kor førande fylkesplanen vil vere for kommuneplanens samfunnsdel, truleg vil ein kunne nytte planforslaget til ny fylkesplan i kombinasjon med gjeldande fylkesplan (2017 – 2020).

Fylkesdelplanar

Regional delplan for folkehelse (2014 – 2017)

Regional delplan for klima og energi (2015 – 2020)

Regional delplan for attraktive byar og tettstader (2014 – 2020)

4.3 Kommunale føringar

Kommunal planstrategi

Hareid kommune sin kommunale planstrategi 2016 – 2020 trekk fram ulike lokale utfordringar og utviklingstrendar. Planstrategien har slått fast at det er behov for rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Parallelt med planprosessen for ny samfunnsdel vil ein også utarbeide ny kommunal planstrategi. Det er difor naturleg at begge planstrategiane vert nytta som føring.

Utfordringsbilete for Hareid kommune

Det har blitt utarbeida eit eige notat som fyl ved planprogrammet. Dette er eit notat som tek føre seg viktige utfordringar for Hareid kommune i tida som kjem. Notatet er også ein del av det som ligg til grunn for val av fokusområder.

4.4 Lovgrunnlag

Kommuneplanens samfunnsdel vert utarbeida i tråd med Plan- og bygningslova sine føringar.

5.0 Alternativ/Fokusområder

Kommuneplanens samfunnsdel er meint å vere eit viktig styringsverktøy for både folkevalde og administrasjon. For at samfunnsdelen skal kunne fungere som eit viktig styringsverktøy så er det viktig at den er realistisk samt enkel å nytte og forstå. Som vedlegg til planprogrammet har det blitt utarbeida eit utfordringsnotat. Dette notatet tek føre seg viktige utfordringar for Hareid kommune i tida framover, hovudsakleg er utfordringane knytt til Hareid kommune som samfunn, men det er også relevant for Hareid kommune som organisasjon. Desse utfordringane må ligge til grunn når ein vel fokusområder i kommuneplanens samfunnsdel. På denne måten vil ein kunne skape ein samfunnsdel som skisserer gode løysingar for å ta fatt i dei utfordringane Hareid kommune er tenkt å møte dei neste åra. Om ein tek grep allereie no kan det vere vi slepp å møte på nokon av utfordringane i det heile. Tanken er difor at Hareid kommune skal ha fire hovudmål å strekke seg etter, og desse er:

1. Ein god kommune å bu i
2. Ein trygg kommune å vere i
3. Ein attraktiv kommune å arbeide i
4. Ein spanande kommune å leve i

Desse hovudmåla kan det ligge mykje bak. Det er eit bevisst val at ein har valt og formulere seg mest mogleg opent no i planprogrammet for å få fram flest mogleg idear, men i planforslaget må det konkretiserast i form av strategiar og delmål korleis ein skal kunne jobbe vidare mot hovudmåla. Det er knytt nokre få nøkkelord til kvart av hovudmåla vidare i planprogrammet, desse nøkkelorda må vere ein del av hovudfokuset vidare i planarbeidet.

5.1 Ein god kommune å bu i

Nøkkelord:

- Befolkningsvekst
- Bustadutvikling
- Infrastruktur
- Born og unge
- Folkehelse

I følgje SSB sitt framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) er Hareid kommune førespegla ein befolkningsvekst på 24 personar meir i 2040. Med eit folketal på 5 155 per 1. januar 2019 er dette ein liten vekst. Det vil vere viktig for Hareid kommune å legge til rette for at fleire vel å busette seg i kommunen om ein ønskjer ein større befolkningsvekst. Det er mange faktorar som gjer at folk vel å busette seg ein plass, men den viktigaste er ledige tomter/bustadar. Utan moglegheit for å kunne bygge, kjøpe eller leige husvære er det umogleg å få fleire til å busetje seg her.

I tillegg til moglegheit for husvære er det også viktig å fokusere på andre faktorar som gjer at folk ynskjer å busetje seg. Det er summen av kvalitetane som vil gjere Hareid attraktiv som bustadkommune. Noko manglar vi, noko har vi, og mykje kan vi verte betre på. Infrastruktur i form av vatn, avløp, vegar og kollektivtilbod er noko som må prioriterast. Kollektivtilbodet og anna samferdsel må ha eit godt tilbod både internt i

kommunen men også regionalt. På denne måten vil mange enkelt kunne bu i Hareid, men og ha moglegheit til å nå ein større arbeidsmarknad i regionen.

Born og unge må få moglegheit til ein god oppvekst der folkehelse og levekår er viktige stikkord. Gode uteområde, moglegheiter for aktivitetar og idrett, samt skule og barnehage i nærområde er faktorar som vil skape grunnlaget for ein god oppvekst. Ein god oppvekst vil igjen skape identitet og eigarskap til kommunen, noko som vil gjere det lettare å kome tilbake dersom ein flyttar for å studere eller gjere andre ting seinare i livet.

5.2 Ein trygg kommune å vere i

Nøkkelord:

- Samfunnstryggleik
- Klima og miljø
- Førebyggjande arbeid
- Lvekår

For å kunne sikre eit tryggast mogleg samfunn for både innbyggjarar, arbeidstakarar og besøkande er det viktig at kommunen fyl opp ansvaret knytt til krav om kommunal beredskapsplikt. Ein veit aldri kva tid ei uønskt hending vil inntreffe samfunnet vårt, det er difor viktig å vere godt budd. Langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen er eit viktig moment for å kunne vere best mogleg budd.

FN sitt berekraftmål nummer 13 sei følgjande: «Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei».

Skal Noreg vere med å nå dette målet, er det også viktig at kommunane dreg sin del av lasset. Gjennom god planlegging kan ein syte for at samfunnet er styrka for å kunne stå i mot og tilpasse seg klimarelaterte farar og naturkatastrofar. Forureining og forsøpling er eit stadig aukande problem, særleg marin forsøpling. Det er like mykje ei lokal utfordring som ei global utfordring.

Førebyggjande arbeid kan vere med på hindre mange framtidige utfordringar. Dette gjeld ikkje berre for samfunnstryggleik, klima og miljø. Planlegging av gode skulevegar, tiltak for betre sosioøkonomisk standard, strategiar for god folkehelse og tidleg innsats knytt til psykiske plager er dømer på korleis ein kan gjere kommunen enda tryggare å bu og leve i for både unge, vaksne og eldre.

5.3 Ein attraktiv kommune å arbeide i

Nøkkelord:

- Næringsliv
- Samordna areal- og transportplanlegging
- Kollektivknutepunkt
- Bustadutvikling
- Frivilligheit
- Kompetanse

Gjennom prosjektet Vekst i Hareid har kommunen saman med Hareid næringsforum allereie starta satsinga på utvikling og tilrettelegging for næringslivet. Dette er eit nyleg politisk forankra prosjekt, noko som også gjer det naturleg å ta med seg som eit fokus i kommuneplanens samfunnsdel.

Det er sjølvsagt viktig med god arbeidsplassdekning og eit rikt og variert næringsliv for kvart eit lokalsamfunn. Men, for næringslivet og arbeidstakarar er det også viktig at fleire ting er på plass. Samordna areal- og transportplanlegging vil vere med på å styrke kommunikasjonsvegane på ein fornuftig måte. Hareid er på mange måtar eit kollektivknutepunkt, vi har lett tilgang både nordover og sørøver, dette er positivt for dei som måtte ynskje å vere arbeidstakar eller bedrift i kommunen vår. Dette gir også bedriftene moglegheita til å tenkje i eit regionalt perspektiv.

Det private næringslivet er viktig for samfunnet. Kommunen som arbeidsplass er også viktig for samfunnet. Offentleg og privat arbeidsliv må samarbeide for å skape gode vilkår for alle arbeidstakarar i kommunen. Samarbeid vil skape gode løysingar for infrastruktur, tilbod i tettstaden, med meir. Med kommunen som tilretteleggar og pådrivar, og det private næringslivet som samarbeidspart og initiativtakar vil ein saman kunne kome fram til mange gode løysingar som vil gagne samfunnet som heilheit.

5.4 Ein spanande kommune å leve i

Nøkkelord:

- Kultur
- Tettstadutvikling
- Omdøme og identitet
- Nyskaping og digitalisering
- Trivsel, openheit, inkludering
- Natur- og friluftsliv

For å kunne vere meir enn ei kommune personar berre oppheld seg i, så må det leggest til rette for meir enn bustader og arbeidsplassar. Kultur har vore viktig for samfunnet i Hareid i mange år. Kultur er ein del av identiteten til Hareid. Kultur- og idrettstilbodet er mangfaldig, dette skaper mange gode møteplassar der innbyggjarane kan kjenne seg inkludert. Eit samfunn som legg til rette for trivsel, openheit og inkludering er eit samfunn som kjennast trygt og leve i.

Ein kan aldri få nok møteplassar, og eit attraktivt og levande sentrumsområde som senkar terskelen for å kome ut av heimane sine og treffe nye eller kjende folk er viktig. Kommunen må legge til rette for at innbyggjarane får gode opplevingar i fritida si.

6.0 Samfunnsdelen sitt forhold til arealdelen

Kommuneplanens samfunnsdel gjev grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen. Samfunnsdelen bør og skal vere førande for arealdelen.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er det ei klar forventning at kommunane utarbeidar arealstrategiar som del av samfunnsdelen til kommuneplanen, og legg desse til grunn ved revisjon av arealdelen. Dette må kome fram i forbindelse med planforslaget.

7.0 Vedlegg

1. Utfordringsbilete for Hareid kommune (datert 08.08.2019).

Versjonar:

Dokumentdato: 21.08.2019

Retting: 02.10.2019 (mindre rettingar av skrivefeil før høyring)

Endring: 19.11.2019 (endringar i tråd med merknadsvurdering etter varsel om oppstart samt offentleg ettersyn av forslag til planprogram)